

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.3	Knut Øyjordet	17.04.20	15/20

REVIDERING AV SAMARBEIDSAVTALE OM ELG-, HJORTE- OG RÅDYRJAKT I NORDHERAD FELLESOMRÅDE

Saksdokument:

1. Gjeldande samarbeidsavtale.
2. Forslag til revidert samarbeidsavtale (er kopiert opp og vedlagt saka).

Saksutgreiing og vurdering:

Nordherad bygdealmening, Nordherad grunneigarlag og fjellstyret inngjekk i 2001 eit samarbeid om felles utnytting av elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i eit Nordherad fellesområde. Avtala vart sist revidert i 2010. Bygdealmenninga v/Ivar Myrum, grunneigarlaget v/Erling Raastad og fjellstyret v/lederen og dagleg leder har nyleg hatt eit møte, gått gjennom avtala og kome fram til eit felles utkast til revidert avtale. Alle tre partane er godt tilfreds med samarbeidet, og at avtala må bli vidareført. Dersom det er oppslutning frå alle om revidert avtale, så vil den tre i kraft frå våren 2020.

Det er ingen prinsipielle endringar i det nye forslaget, men det har vist seg nødvendig med betre presisering i nokre pkt. I pkt. 2 om «Elg- og hjortejakt», er definisjon av grunneigar vorte betre presisert, det same med rullering av elg- og hjortejakta. I pkt. 3 om «Rådyrjakta» er dette med grunneigarkort og innanbygds kort vorte betre presisert. For småviltjakta (pkt. 4) får fjellstyret fullmakt til å innføre dagskvote for rypejakt, dersom bestandsforhold og andre forhold tilseier det. Det blir foreslått at innanbygds ungdom under 20 år løyser gratis jaktkort. Prisane på sesongkort er auka med kr. 50,- for innanbygds og kr. 100,- for utanbygds. Fjellstyret får elles fullmakt til å leggje ut sal av jaktkort på Inatur. I pkt. 6 om «Utgifter og inntekter», så blir det foreslått å vidareføre eit tilskot til Liasetervegen på 10 % av årleg nettoinntekter.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret sluttar seg til forslag til revidert samarbeidsavtale om elg-, hjort-, rådyr- og småviltjakt i Nordherad fellesområde.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Nordherad bygdealmening v/Ivar Myrum
Nordherad grunneigarlag v/Erling Raastad

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)